



ODDA KOMMUNE

Det kongelege kultur- og kyrkjedepartement
PB 8030 Dep

0030 OSLO

Kultur- og Kirkedep.

15. OKT. 2008

2007-5668-115

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2003000027-33 Saksh: Ingunn Bakke
Journalpostid: 2008012644 Telefon: 53 65 40 74

Arkivkode K2-C60, K3- &13 Dato: 14.10.2008

DRK-sak nr. 054/08. Høyring om ABM-utvikling (Arkiv, bibliotek, museum).

Vedlagt følgjer vedtak.

Venleg helsing
For Arkivet

Ingunn Bakke
førstesekretær

Andre mottakarar:

Det kongelege kultur- og kyrkjedepartement	PB 8030 Dep	0030	OSLO
Hardanger og Voss museum		5778	UTNE
Hardangerrådet		5780	KINSARVIK
Hordaland	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelin			
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	Postboks 63	5770	TYSSEDAL



ODDA KOMMUNE

Arkiv: K2-C60, K3-&13
Arkivsak ID: 2003000027-30
Journalpost ID: 2008010473
Saksh.: Harald Jordal
Dato: 23.09.2008

SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Driftskomite	30.09.2008	054/08	

Høyriig om ABM-utvikling (Arkiv, bibliotek, museum).

Vedlegg:

1. Skriv frå Kultur og kyrkjedepartementet av 02.07.08 med utvida høyringsfrist til 1. oktober
2. Utskrift av Hordaland fylke si handsaming (Kultur- og ressursutvalet 19.08.08 og Fylkesutvalet 26.08.08)

Framlagt: Direktoratet for forvalting og IKT (DIFI) si evaluering av ABM : Utvikling Evaluering av Hardanger og Voss museum (saksutgreiing til kultur og ressursutvalet og fylkesutvalet)

Saka skal sendast ut av: Arkivet

Særutskrift skal sendast til: Kultur – og kyrkjedepartementet, Hordaland fylkeskommune, Norsk vasskraft og Industristadmuseum, Hardanger og Voss museum og Hardangerrådet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak :

1. Odda kommune ved Driftskomiteen sluttar seg til generelt til Hordaland fylke sin uttale / fråsegn pkt 1 - 5 og ber om at ABM feltet vert vitalisert som innsatsfaktor i regionalpolitisk samanheng.
2. Driftskomiteen peikar på at dette ikkje må blokkera for at staten – gjennom ABMU har eit direkte ansvar for utvikling av kulturminneinstitusjonar som arbeider på nasjonalt nivå.

Rådmannen i Odda, 22.09.08

30.09.2008 Driftskomite

Behandling:

DRK-054/08 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag samr. vedteke.

Saka gjeld:

Utgangspunktet er at den moderne staten ser på arkiv – bibliotek og museumssektoren som eitt forvaltingsområde. Dette ligg til grunn for dei tiltak som Staten set i verk –som ved oppretting av organet ABM – utviking.

ABM -utvikling har vore det organet som har sett i verk staten sine ambisjonar på feltet og hatt handa på rattet t.d. i konsolideringsprosessen for musea.

Frå mange til frå: Kva har skjedd lokalt.

Institusjonen **Hardanger og Voss museum (HMV)** omfattar i dag :

Hardanger fartøyvernsenter, Kvam bygdemuseum, Ingebrigts Vik museum, Kabuso (Tusenårstaden i Hordaland), Hardanger Folkemuseum – inkl Bu museum og Skredhaugen på Lofthus), Agatunet og Granvin Bygdemuseum – og seinast Voss Folkemuseum. Dette er til saman 8 institusjonar med svært ulik historikk, fagkompetanse, organisasjon og økonomi.

Styret for Hardanger og Voss museum har drifts-, personal- og utviklingsansvar for alle institusjonane.

Kommunane Odda, Jondal, Eidfjord og Ulvik er ikkje representert med eigne institusjonar i HMV organisasjonen. Alle kommunane er "medlemer" i Hardanger folkemuseum (som formelt er ei sjølveigande stifting) og alle kommunane (med unntak av Voss) har partar i Hardanger Fartøyvernsenter som og er ei sjølveigande stifting.

Ved alle dei konsoliderte institusjonane i HVM er det oppretta såkalla eigarstyre som forvaltar eiga (er formelle eigarar av bygg og gjenstandar).

På landsbasis har konsolideringsprosessen vore ujamn, og det er store regionale skilnader.

Norsk vasskraft og industristadmuseum (NVIM) har stått utanfor den ovanfor skildra konsolideringsprosessen og er eigenkonsolidert.

Det same gjeld Baroniet i Rosendal.

I Hordaland er det i dag **ni konsoliderte einingar**:

Dei seks andre er:

Museumssenteret i Hordaland, Kunstmusea i Bergen, Bymuseet i Bergen, Museum Vest, Sunnhordland museum og Sjøfartsmuseet.

Utanom dette finn ein institusjonar som Røldal bygdemuseum, samlingane i Jondal m. fl. Røldal bygdemuseum er eit kommunalt museum som vart halde utanfor konsolideringsprosessen.

Viktig innspel

I tillegg har fylkesadministrasjonen skrive ei grundig gjennomgang av museumsfeltet i samband med evalueringa av Hardanger og Voss museum- sjå vedlegg 4.

Fylkesutvalet i Hordaland har i pkt. 1 – 5 gjort offensive framstøyt for å styrka regional makt- og mynde på AMB – feltet – ikkje minst ut frå trøngen for å sjå på feltet som ein del av fylket sin kultur og næringspolitikk.

Rådmannen sitt forslag- slik det er vedlagt – er samr. vedteke av både kultur og ressursutvalet og fylkesutvalet

Vurderingar:

Det er ulogisk at staten vil at fylket skal bli sentral premissleverandør og vedtaksorgan på planleggingssida med overordna ansvar for regional utvikling og så ikkje overføra makt og mynde når det gjeld ABM -feltet som innsatsfaktor for å nå dei vedtekne målsettingane.

Arkiv – bibliotek og museumssektoren spelar ein nøkkelfunksjon i eit teknologisk avansert samfunn med basisbehova stetta og der kulturminne, informasjon og handlingsboren kunnskap er innsatsfaktorar for å utvikla kvalitative lokalsamfunn / regionsentra.

Dei 5 vedtakspunkta til fylkesutvalet handlar i realiteten om same utfordringa;

Korleis skapa balanse på regionalt nivå (fylket) mellom pålagd plan – og utviklingsansvar og samstundes sikra regionen verkemiddel (politisk og økonomisk handlefridom) til å nå dei vedtekne planane (fylkesdelplanar/ regionalt utviklingsprogram).

Konsolideringsprosessen på museumsfeltet i Hordaland har vore statleg initiert og statleg styrt gjennom ABM – utvikling med fylket som pådrivar.

Dei signala som no kjem frå fylket er slik sett nye – men ikkje mindre velkomne.

Eg trur det er rett å slutta opp om ei tenking som definerer ABM feltet innanfor ein samla samfunnsutviklingsstrategi, og sjå den i samanheng med regional prioritering - enten vi snakkar og fylket som region eller distrikt (Hardangerfjorden / Indre Hordaland) som region.

Dette må likevel ikkje vera til hinder for at staten – t.d. gjennom ABM – utvikling kan og bør ta direkte initiativ og medansvar for institusjonar som arbeider på nasjonalt nivå med tanke på deira utvikling.

For "vår" del vil dette primært gjelda institusjonar med nasjonale oppgåver som

Norsk vasskraft og industristadmuseum (NVIM),

Hardanger Fartøyvernssenter (HFS)

og Baroniet i Rosendal

På driftssida

Innsparingane/ i konsolideringsprosessen på museumsfeltet har primært vore administrative og styringsmessige. Gevinsten er teken ut på statleg og regionalt nivå ved at det er langt færre aktørar å forholda seg til.

På regionalt nivå (fylket) har ein og gitt frå seg styrings og prioriteringsmakt til staten ved AMB – utvikling. Kva innsparingar dette har medført i årsverk på respektive nivå er ukjent/ ikkje dokumentert.

Den regionale konsolideringsprosessen er pr dato berre delvis gjennomført på landsnivå og den er også under evaluering som t.d. for (Hardanger og Voss museum).

På utviklingssida.

For dei einskilde aktørane har ABM- utvikling spelt ei viktig rolle som finansieringskjelde for prosjekt. Styring av utvikling har i stor grad vore gjennom prosjekt. Staten får færre einingar å forholda seg til og har betre oversikt og kan lettare dirigera i den lei ein ynskjer. Kopplinga til regional planlegging og plangjennomføring med ABM sektoren som verkemiddel vil i praksis bli svekt / bli borte.

Resultat:

Fylket sitt spelerom er innskrenka og sektoren har blitt meir direkte styrt av staten gjennom selskapet ABM – utvikling som er eit organ midt mellom eit statleg aksjeselskap og eit direktorat.

Innan ABM - feltet har Odda kommune ambisiøse målsettingar over tid. Dette har nedfelt seg i kulturplanar, i dialogen med fylke og stat og i konkrete tiltak.

Odda kommune bruker og store ressursar på sektoren t.d. med betydeleg overføring til Norsk Vasskraft og Industristadmuseum / drift og utvikling, i arbeidet med å sikra historiske verdiar på Smelteverkstomta (bygg, immateriell kultur) og arkivet etter Odda Smelteverk, etablering av Vitensenter sentralt på Smelteverkstomta, samorganisering og samlokalisering av Odda kommune sitt arkiv og folkebibliotek (vert gjennomført i desse dagar).

Kommunen seier t.d. i den nyss vedtekne kommuneplanen at Odda by skal utvikla seg til eit regionsenter generelt og særskilt innan ABM- feltet. For Odda kommune sin del er det viktig å i ivareta ein god dialog både med omlandet og fylket .

Fylket sine offensive vedtak i høyringa opnar opp for ein slik dialog.